


Reformasjonens



Lindås 17.02.2017

Sola

frelst av

Sola

ved

Solus

i

Sola

ifølge

Soli

til

GRATIA

Nåden åleine

FIDE

Trua åleine

CHRISTUS

Kristus åleine

SCRIPTURA

Skrifta åleine

DEO GLORIA

Guds ære åleine

Judas 3 «De kjære!
Medan eg var ivrig
oppteken med å skriva
til dykk om vår felles
frelse, fann eg det
naudsynt å skriva til
dykk for å formana
dykk til å kjempa for
den trua som éin gong
for alle har vorte
overgjeven til dei



Sola

frelst av

GRATIA

Nåden åleine

Ef 2:8-9 «For av nåde er de frelste, ved tru. Og dette er ikkje av dykk sjølve, det er Guds gåve. ⁹ Det er ikkje av gjerningar, så ingen skal rosa seg».

Er Paulus og Jakob uenige?

- **Romberbrevet 3:28** «For vi er overtydde om at mennesket vert rettferdiggjort ved tru, utan lovgjerningar.»
- **Jakob 2:20-22** «Men vil du vita det, du uforstandige menneske: Trua utan gjerningar er unyttig. ²¹ Vart ikkje Abraham, far vår, rettferdiggjord av gjerningar, då han ofra Isak, son sin, på altaret? ²² Du ser at trua verka saman med gjerningane hans, og at trua vart fullkomen ved gjerningane».



Sola

frelst av

GRATIA

Nåden åleine

Nei, Paulus skriv om lov-gjeringar og Jakob om trus-gjeringar

- **1.Tim 6:17-18** «Du skal påleggja dei som er rike i denne verda, at dei ikkje skal vera overmodige, og dei skal heller ikkje setja si von til den uvisse rikdomen, men til Gud, han som gjev oss rikeleg av alle ting, så vi kan nytta det. ¹⁸ Dei skal gjera godt, vera rike på gode gjeringar, vera gjevsmilde og gjerne dela med andre».
- **Titus 2:11-14** «For Guds nåde er openberra til frelse for alle menneske. ¹² Han opptukter oss til å forneakta gudløyse og verdslege lyster, og til å leva sedeleg og rettferdig og gudfryktig i den verda som no er, ¹³ medan vi ventar på den sæle vona og openberringa av den store Guds og vår frelsar Jesu Kristi herlegdom, ¹⁴ han som gav seg sjølv for oss for å løysa oss ut frå all urettferd, og reinsa seg eit egedomsfolk, eit som med ihuge gjer gode

1.

Sola

frelst av

GRATIA

Nåden åleine

- **1.Joh 2:6** «Den som seier seg å vera i han, han er òg skuldig å ferdast slik som han ferdast».
- «Om ditt liv er skjult i Kristus, då er ikkje Kristus skjult i ditt liv»
(A.Bjerkreim)

2.

Sola

ved

FIDE

Trua åleine

- **Romerbrevet 5:12** «Derfor, liksom synda kom inn i verda ved eitt menneske, og døden på grunn av synda, og døden såleis trengde igjennom til alle menneske, fordi alle synda» –
- **Romerbrevet 3:21-24** «Men no har Guds rettferd, som lova og profetane vitnar om, vorte openberra utan lova. ²² Det er Guds rettferd ved tru på Jesus Kristus, til alle og over alle som trur. – For det er ingen skilnad, ²³ alle har synda og står utan ære for Gud. ²⁴ Og dei vert rettferdiggjorde ufortent av hans nåde ved utløysinga i Kristus Jesus».
- **Romerbrevet 5:1** «Då vi no er rettferdiggjorde av tru, har vi fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus».

2.

Sola

ved

FIDE

Trua åleine

Hebrear brevet 11:1-3 «Men tru er full visse om det ein vonar, overtyding om ting ein ikkje ser. ² For på grunn av den fekk dei gamle godt vitnemål. ³ Ved tru skjønar vi at verda er skapt ved Guds ord, så det ein kan sjå, ikkje har vorte til av det synlege».

3.

Solus

CHRISTUS

i

Kristus åleine

- **Apostelgjerningane 4:12** «Og det er ikkje frelse i nokon annan. For det finst ikkje noko anna namn under himmelen, gjeve mellom menneske, som vi kan verta frelste ved».
- **Johannes 14:6** «Jesus seier til han: Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan ved meg».
- **1.Timoteus 2:5** «For det er éin Gud, og éin mellommann mellom Gud og menneske, mennesket Kristus Jesus»,

3.

Solus

i

CHRISTUS

Kristus åleine

Filipperbrevet 3:18-19 «For som eg ofte har sagt dykk, og no atter seier med tårer: Mange ferdast som fiendar av Kristi kross. ¹⁹ Dei endar i fortapinga. Buken er deira gud, og dei sét si ære i si skam. Dei trår berre etter jordiske ting».

Johannes 3:16-18 «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. ¹⁷ For Gud sende ikkje Son sin til verda for å døma verda, men for at verda skulle verta frelst ved han. ¹⁸ Den som trur på han, vert ikkje dømd. Den som ikkje trur, er alt dømd, av di han ikkje har trudd på namnet åt Guds einborne Son».

3.

Solus

i

CHRISTUS

Kristus åleine

2.Korinterbrev 11:4 «For om det kjem einkvan til dykk og forkynner ein annan Jesus, ein som vi ikkje har forkynt, eller om de får ei anna ånd, som de ikkje har fått før, eller eit anna evangelium, som de ikkje har motteke før – då toler de det så gjerne».

4.

Sola

ifølge

SCRIPTURA

Skriſta åleine

2.Timoteus 3:16-17 «Heile Skriſta er innanda av Gud og nyttig til lærdom, til overtyding, til rettleiing, til oppseding i rettferd, ¹⁷ så Guds menneske kan vera fullkome, dugande til all god gjerning».

2.Peter 1:19-21 «Og dess fastare har vi profetordet, som de gjer vel i å akta på. Det er som ei lampe som lyser på ein mørk stad, til dagen lyser fram og morgonstjerna går opp i hjarto dykkar. ²⁰ For fyrst og fremst veit de dette, at ikkje noko profetord i Skriſta er gjeve til eiga tyding. ²¹ For aldri har noko profetord vorte til ved menneskevilje, men dei heilage Guds menn tala drivne av Den Heilage Ande».

4.

Sola

ifølge

SCRIPTURA

Skrifta åleine

- **Johannes 5:46-47** «For dersom de trudde Moses, så hadde de trudd meg. For det er om meg han har skrive. ⁴⁷ Men dersom de ikkje trur skriftene hans, korleis kan de då tru orda mine?»
- **Matteus 5:18** «For sanneleg seier eg dykk: Før himmel og jord forgår, skal ikkje den minste bokstav eller ein einaste prikk i lova forgå, før det har hendt alt saman».
- **Markus 7:7-9** «Fåfengt dyrkar dei meg, for dei lærer frå seg lærdomar som er menneskebod. ⁸ De forlét Guds bod, men held fast på føresegner frå menneske. ⁹ Og han sa til dei: De set Guds bod fint til side for å halda dykkar egne føresegner!»

5.

Soli

til

DEO GLORIA

Guds ære åleine

- **1.Kor 10:31** «Anten de et eller drikk, eller kva de så gjer, så gjer det til Guds ære».
- **Jesaja 42:8** «Eg er Herren, det er mitt namn. Eg gjev ikkje nokon annan mi ære, eller dei utskorne bileta min pris».
- **1.Timoteus 1:17** «Den evige kongen, den uforgjengelege, usynlege, einaste Gud, han vere ære og pris i all æve! Amen».
- **Joh.Openberring 14:7** «Og han sa med høg røyst: Ottast Gud og gjev han ære! For timen for hans dom er komen. Tilbed han som skapte himmelen og jorda, havet og vasskjeldene!»

5.

Soli | DEO GLORIA

til | *Guds ære åleine*



Johan Sebastian Bach skreiv bokstavane SDG nederst på sine noteark: «Hovedformålet med musikken min er å ære Gud. Nokre menneske gjer dette med musikk som er enkel. Eg har valgt å ikkje bruke ein enkel stil, men musikken min kjem frå mitt hjarte som eit audmjukt offer til Gud. Dette ærer Gud uansett kva musikalsk stil eg brukar».